



Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

Att.: Fylkesdirektør kultur og idrett Anna Elisa Tryti

Fana, 22. september 2014

Deres ref.: 2014/1442 Vår ref.: AM/-

## **HØYRINGSUTTALE til PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025**

Hordaland Teater vil med dette gje sine innspel til Kulturplanen for Hordaland, som er sendt ut frå Fylkesrådmannen, Kultur og Idrettsavdelinga 20.06.2014. Innspela er handsama på teatret sitt styremøte 11.09.2014.

### **Innleiing**

Hordaland Teater vil kreditere Fylkeskommunen for ein dristig visjon: Hordaland skal vidareutviklast til å verta ein leiande europeisk kulturregion. I denne visjonen ligg det store ambisjonar, som må utviklast vidare innanfor det einskilde kulturfelt og den einskilde institusjon. Hordaland Teater vil vera ein av dei institusjonane som skal målbera og setja denne ambisjonen ut i livet.

Innleiingsvis vil vi prøva å svara på nokre av dei spørsmåla som er lista opp i følgebrevet til høyringspartane. Vidare vil vi i vår høyringsuttale konsentrera oss om fire område, 1) arenavikling, 2) nynorsken som kulturformidlar – nynorsk kulturstrategi, 3) teater som ein viktig institusjon for å fremja demokrati og opparbeida evna til kulturkritikk og 4) kulturbasert næringsutvikling.

### **Visjon, prioriteringar og innsatsområde dei fire fyrste åra**

Som nemnd ovanfor støttar vi ein god ambisjon som strekkjer seg ut over vår region. Hordaland Teater har og ein slik ambisjon, av di vi ønskjer å vera det leiande norske teateret som spelar for barn og unge. Teatret skal vera ein viktig kulturinstitusjon i regionen, men vi ser at det er ingen andre teater i dag som har same ambisjonen som oss i det å utvikla ny dramatik for denne målgruppa, og som gjer det på dialekt og nynorsk. I dette ligg vår regionale ambisjon, men og ein nasjonal ambisjon som teateret er godt i gang med å utvikla.

I planen ønskjer vi at desse suksesshistoriane får ein større plass, og at ein ved å nemna dei og vektleggja desse ved prioritering av ressursane, kan skapa eit grunnlag for å verta ein leiande region i Europa. Om ein vel å smøra ressursane tynt utover, er vi redde for at ein om ti år ikkje har nådd ambisjonen.

Når det gjeld spørsmålet om årlege søknader versus kvart tredje år, ser vi i utgangspunktet ikkje positivt på det siste. Vi trur det låser aktiviteten for mykje til lange planar, og med eit teater som kan endra både teatersjef og øvrig leiing, og dermed prioriteringar, med jamlege mellomrom, vil dette vera ugunstig. Eit viktig spørsmål er og om dette kjem i konflikt med dei årlege statlege løyvingane, ettersom dette jo heng tett i hop for institusjonar som Hordaland Teater.

### **Arenautvikling**

Hordaland Teater har dei siste åra hatt sterkt fokus på å flytta verksemda til sentrum av Bergen. Den største utfordringa i dette arbeidet har vore å finna lokale som eignar seg for teaterframsyning. I tillegg til dei tekniske utfordringane som ligg i at lokale skal vera eit relativt stort rom utan søyler og med takhøgde over 6-7 meter, skal ein og finne lokale som er lett tilgjengeleg med kollektive transportmidlar og trafiksikkert tilgjengeleg for barn og unge.

Med bakgrunn i dette saknar Hordaland Teater, saman med eit knippe andre institusjonar, ei satsing på utvikling av kulturarenaer i regionens eigen hovudstad. Som ein er inne på i den demografiske beskrivinga i planen, vert meir og meir av busetjinga i Noreg konsentrert til dei regionale sentra, og hovudstadsområdet. I Hordaland opplever vi at regionen har eit litt schizofrent forhold til sin eigen hovudstad, av di fylket ikkje vågar seg på å ha ambisjonar innanfor Bergen Kommune sine grenser. Dette tykkjer vi er feil, fordi Bergen må og skal spela ei viktig rolle i etableringa av kulturarenaer i framtida. Fylket må då ha ambisjonar, og vi vil rå til at det i planen kjem inn to til tre konkrete planar om bygging innanfor dei neste 10 åra.

### **Nynorsken som kulturformidlar – nynorsk kulturstrategi**

Styret i Hordaland Teater er særst glad for at Kulturutvalet erkjenner den særlege rolla som nynorsk kultur og den sterke identitetskaparen som bruk av dialekt og nynorsk har på Vestlandet. Hordaland Teater har sett det som si oppgåve å formidla kultur på nynorsk, ikkje fyrst og fremst av di nynorsk skal vedlikehaldast, men for å syna at nynorsken er eit språk i utvikling, og eit språk som på mange måtar får fram fleire nyansar enn det bokmål gjer. Vi søkjer å nytte nynorsk slik det vert nytta i moderne daglegtale på Vestlandet. Her meiner vi Hordaland Teater har ei nasjonal oppgåve, av di vi er i eit område der nynorsken er levande og ein del av daglegtalet, i motsetnad til i Oslo-gryta der ein oftast må geografisk langt av garde for å finne moderne nynorsk i dagleg bruk.

Av denne grunn meiner vi at vi ikkje berre skal etablere ein regional scene for nynorsk scenekunst i Bergen, men ein oase for nynorsk kulturformidling på fleire plan.

I samband med dette må vi og nemna teatret som ein viktig bidragsytar til den kulturelle skulesekken. Vegen inn i kunst og kulturlivet vil skje gjennom ymse institusjonar og kulturformer. I den store kultur- og idrettsundersøkinga frå 2013 er saknet av teaterframsyningar stort utanom Bergen. Hordaland Teater skal fylla dette behovet. Ein viktig premisse for å få dette til, er at teateret har ein tilfredstillande økonomi, spele- og prøvesalar som gjer det mogleg å auka produksjonsvolumet.

## **Teater som ein viktig institusjon for å fremja demokrati og opparbeida evna til kulturkritikk**

Planen peikar på at det er ein viktig føresetnad i eit demokrati at ein legg til rette institusjonar og utdanning som fremjar «ei spørjande og analytisk grunnhaldning (s.34)». I denne samanhengen peikar ein på den viktige rolla som utdanningsinstitusjonane og media har, og i vår region. Styret i Hordaland Teater seier seg samd i dette, men vil peika på at teater i meir enn to tusen år har vore ein av berebjelkane for nettopp det å setja viktige tema i samfunnet under debatt. I vårt repertoarval som teater for barn og unge har vi gjennom mange år vald å fokusere på tema som opptar unge, eksempelvis religion, straff og moral, identitet og demokrati for å nemne nokre tema.

Hordaland Teater vil fortsetja denne prioriteringa av sine ressursar, og vil gjerne vera lista opp som ein viktig samarbeidspartnar på dette området.

## **Kulturbasert næringsutvikling**

Noreg utdannar fleire og fleire kulturarbeidarar, og utviklinga innan denne sektoren går meir og meir i retning av at nokre ynskjer - og mange må - jobba som frilansarar. Hordaland Teater nyttar seg i dag av mange av dei lokalt baserte og dugande unge menneska som er tilgjengelege. I snitt utgjer dette i dag ca. 4-5 årsverk i året i tillegg til dei 13 som er tilsette ved teateret. Ved ei flytting til Bergen Sentrum, vil ein satsa på fleire produksjonar og ser for seg at ein må tilsette 3-4 kunstnarlege heiltidstilsette i tillegg til å nytta frilansarar. Dette er det søkt tilskot til frå og med 2015, og vi ynskjer at nett denne satsinga og får ein plass i det som ein kallar den kulturbaserte næringsutviklinga.

## **Samarbeid med andre institusjonar**

Hordaland Teater har i mange år samarbeidd med andre uttrykksformer og andre teater. I dei siste åra har ein arbeidd særleg med musikarar på scena, der dei inntek rolla meir som skodespelarar enn som ein lydkulisse. I regionen er det mange gode musikarar som gjennom dette samarbeidet har fått utvida sin marknad og uttrykksform.

Likeeins har teatret eit omfattande samarbeid med Sogn og Fjordane teater, Det Norske Teatret og teatret til BUL Oslo. Gjennom gjestespel og anna samarbeid knytast det band som utvidar både repertoar og skapar ny dramatik.

## **Oppsummering**

Hordaland teater har følgjande innspel til planen:

- Hordaland fylkeskommune må bidra til at det vert etablert ei nynorsk scene i Bergen Sentrum i løpet av dei neste tre åra
- Hordaland fylkeskommune må gå inn i eit tett samarbeid med Bergen Kommune slik at heile fylket sine behov blir tett knytt til Bergen sitt behov
- Teater må framhevast som ein viktig kanal for kritisk tenking og fremjing av demokrati og deltaking blant ungdom
- Kulturbasert næringsutvikling er og å skapa ein marknad for frilansarar i kulturfeltet. Her spelar fleire institusjonar ei viktig rolle

Vi håpar at vi med dette har gjeve eit bidrag til den vidare handsaminga av planen. Om det er behov, vil vi utdjupe punkta nærare.


Beste helsing

Hordaland Teater LL



Birthe Eriksen

Styreleiar



Trond Birkedal

Teatersjef